



FYLKESMANNEN I  
MØRE OG ROMSDAL

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL	
Tatt: 25 SEPT. 2014	
J. nr. 14 / 5292	dok.
Ark.	Saksb.
Sek.	



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

# Samarbeidsavtale om barn og unge i Møre og Romsdal

## 1. Partar

Møre og Romsdal fylkeskommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal

## 2. Grunnlag for samarbeidet og rolleavklaring

Fylkeskommunen og Fylkesmannen vil samarbeide om arbeidet med gode oppvekstvilkår for barn og unge i fylket. Med «barn og unge» meiner vi alle i aldersgruppa 0 til 20 år.

Fylkeskommunen er regional planstyresmakt og ein sentral, regional utviklingsaktør. Fylkesmannen skal samordne statleg og kommunal forvaltning og medverke til samarbeid mellom regionale statsetatar og andre regionale aktørar.

Fylkeskommunen har gjennom Regional planstrategi 2012-2016 og Fylkesplan 2013-2016 definert barn og unge som eit gjennomgåande perspektiv i den regionale planlegginga. Fylkesmannen har i sin strategiplan 2012-2016 definert gode oppvekstvilkår for barn og unge som eit av sine satsingsområde. Satsinga har fått namnet «Betre oppvekst».

Barn og unge har særskilt fokus i plan- og bygningslova og i eigne rikspolitiske retningslinjer. Dette skal sikre at barn og unge får medverke og vert tekne omsyn til i samfunnsplanlegginga. Fylkeskommunen og Fylkesmannen har eit felles ansvar for at dette skjer.

## 3. Formålet med avtalen

Samarbeidsavtalen skal underbygge det ansvaret både fylkeskommunen og Fylkesmannen har for å medverke til gode oppvekstvilkår for alle barn og unge. Avtalen definerer samarbeidsområde for å sikre betre samordnar innsatsen på tvers av fagområde og mellom ulike aktørar i vårt fylke.

## 4. Samarbeidsområde

### a. Medverknad frå barn og unge

"Barn har rett til å si sin mening i alt som vedrører det og barnets meninger skal tillegges vekt" (FNs barnekonvensjon). Medverknad frå barn og unge er høgt prioritert hos både fylkeskommunen, gjennom blant anna satsinga på Ungdommens fylkesting (UFT) og Ungdomspanelet (UP) og Fylkesmannen si satsing «Betre oppvekst».

### b. Regional og kommunal planlegging

Gjennom planretteiing og saksbehandling skal begge partar sjå til at omsynet til barn og unge vert tatt i vare, jamfør rikspolitiske retningslinjer om barn og unge sine interesser i planlegginga. Plan- og bygningslova pålegg kommunestyret å etablere ei særskilt ordning for å sjå til at barn og unge sine interesser vert tatt omsyn til i planlegginga. Begge partar har ansvar for å gi rettleiing i høve dette.

### c. Folkehelse

Folkehelseloven definerer folkehelse og folkehelsearbeid slik:

«a) folkehelse: befolkningens helsetilstand og hvordan helsen fordeler seg i en befolkning

b) folkehelsearbeid: samfunnets innsats for å påvirke faktorer som direkte eller indirekte fremmer befolkningens helse og trivsel, forebygger psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, eller som beskytter mot helsetrusler, samt arbeid for en jevnere fordeling av faktorer som direkte eller indirekte påvirker helsen.»

Fylkeskommunen og Fylkesmannen har begge ansvar for folkehelsearbeidet, men ulike oppgaver knytt til samordning og rettleiing. Gode vanar vert etablert tidleg og det er særst viktig at det vert lagt til rette for gode og likeverdige oppvekstvilkår for barn og unge. Gjeldande samarbeidsavtale folkehelse er vedlagt denne avtalen.

d. Gjennomføringsgrad i vidaregåande opplæring

Auka gjennomføringsgrad i vidaregåande skole er ei viktig nasjonal satsing. Fylkeskommunen og Fylkesmannen har fleire oppgaver knytt til denne satsing, mellom anna NyGIV, Ungdomstrinn-satsinga, psykisk helse i skolen. Fylkeskommunane har ansvar for prosjektet NyGIV, som er vedteke skal vare ut 2016. Intensjonen med NyGIV er berekraftige strukturar for samarbeid og økt fagleg og tverrfagleg kompetanse for tilsette som arbeider med ungdom med samansette problem. Fylkesmannsembeta sine oppgaver skal sjåast i samanheng med den vidare satsinga på NyGIV, jamfør felles embetsoppdrag frå Arbeidsdepartementet, Barne- likestillings- og inkluderingsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet. Fylkeskommunen og Fylkesmannen må sjå verkemidlane for gjennomføring i heile grunnopplæringa i samanheng.

e. «Betre oppvekst»

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har sidan 2012 hatt ei satsing på barn og unge kalla «Betre oppvekst». Målet er å sette fokus på barn og unge sine oppvekstvilkår i Møre og Romsdal gjennom samordning av Fylkesmannen i Møre og Romsdal sine tiltak retta mot barn og unge, og stimulere andre statlege og regionale aktørar til å sette fokus på oppvekstvilkår for barn og unge i fylket.


## 5. Samarbeidsarena

Det blir etablert eit tverrfagleg forum med representantar frå begge organisasjonane med faste møtepunkt ein gong pr. semester og elles ved høve. Fylkesmannen ved ass. fylkesmann og fylkesrådmannen ved fylkesplansjefen fordelar ansvaret for møteleiing og møtesekretariat. Både leiing og fagpersonar skal vere til stades for å utveksle informasjon, koordinere aktivitet ut mot kommunane og planlegge mulege felles oppgaver, til dømes kurs/konferansar, opplæring og informasjonsmøter. Rollar, ansvar og økonomi i samband med felles tiltak vert avklara i kvar sak.

## 6. Varigheit

Avtalen gjeld for perioden 1. juli 2014 – 31.des. 2015. Den skal då evaluerast, og eventuelt reviderast i samsvar med fylkeskommunen sine prioriteringar i den regionale planlegginga og Fylkesmannen sin strategiske plan.

Molde 03.09.2014



Ottar B. Guttelvik, fylkesrådmann i Møre og Romsdal



Lodve Solholm, fylkesmann i Møre og Romsdal